



Sak: Tilsyn med kommunal beredskapsplikt

Vår dato: 23.04.2019

Vår ref.: 2019/591 350

Sveio kommune
Kommunenr. 1216

Tilsynsleiar: Haavard Stensvand, fylkesberedskapssjef

Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt

Innleiing

Fylkesmannen gjennomførte 12.03.2019 tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Sveio kommune.

Heimel, føremål og avgrensingar

Tilsynet vart gjennomført med heimel i [§ 29 i lov av 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret \(sivilbeskyttelseslova\)](#) og [§ 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt av 22. august 2011](#).

Føremålet var å kontrollere om kommunen etterlever krav i lov og forskrift om oppfølging av kommunal beredskapsplikt, jf. §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynsrapporten omhandlar dei avvik og forbedringspunkt som vart avdekte under tilsynet. Den gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen gjer på samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Den er såleis heller ikkje ei evaluering av evna som kommunen har til å handtere uønskete hendingar.

Hovudinstrykk

Kommunen viste god forståing for temaa som vart tatt opp under tilsynet. Sveio kommune er oppteken av samfunnstryggleik og beredskap. Den er ein del av eit felles, regionalt beredskapsråd for Ytre Haugalandet, der m.a. beredskapskoordinatorane i kommunane har månadlege møte.

Sveio kommune tilfredsstillar ikkje krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt, fordi det er manglar ved risiko- og sårbarheitsanalysen og det heilskaplege og systematiske samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet.

Deltakarar

Haavard Stensvand, Lene Stavseng og Anne C. F. Eide representerte Fylkesmannen.



Kommuneleiinga i Sveio kommune var med under tilsynet.

Desse vart intervjuja individuelt:

- Jorunn Skåden (ordfører)
- Jostein Førre (rådmann)
- Åse Aleheim (beredskapskoordinator)

I tillegg til dei ovannemnte, var følgjande med på opningsmøte, fellesintervju og sluttmøte:

- Ingunn Toft (kommunalsjef helse og omsorg)
- Solfrid Lier Habbestad (kommunalsjef oppvekst og kultur)
- Kenneth Tollefsen (kommunalsjef utvikling)
- Ståle Andreassen (kommunelege)
- Dag Botnen (brannsjef Haugaland Brann og Redning IKS) (deltok på fellesintervju og sluttmøte)

Definisjonar

Avvik: Brot på etterleving av krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt og forskrifta til denne.

Merknad: Funn som Fylkesmannen meiner det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av beredskapsplikta.

Resultat

Avvik:

Følgjande avvik vart avdekt under tilsynet:

Avvik nr. 1

Kravet til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2 og 6, er ikkje tilfredsstilt.

Kommunen har ein heilskapleg ROS-analyse som sist vart revidert i 2013. Heilskapleg ROS-analyse skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplanar og ved endringar i risiko- og sårbarheitsbiletet, jf. § 6 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Analysen av uønskte hendingar er til dels mangelfull og for lite spesifikk i vurderingane av kva konkrete konsekvensar dei kan gi for kommunen. Det er òg for lite konkret skildra kva oppgåver og tiltak som kan verte aktuelle å setje i verk for kommunen, særleg kommuneleiinga.

ROS-analysen omtalar og vurderer i for liten grad kritiske samfunnsfunksjonar, særleg evna som kommunen har til å oppretthalde tenester for innbyggjarane under ulike typar påkjenningar.

Kommunen har SMS-basert system for varsling av innbyggjarane, men i ROS-analysen er det i liten grad vurdert kva trong det kan vere for å varsle og evakuere befolkninga under ulike hendingar.



ROS-analysen har i liten grad sett på korleis allereie utbygde område kan verte råka av uønskte hendingar, og korleis klimaendringar vil kunne påverke risiko- og sårbarheitsforhold.

Avvik nr. 2

Kravet til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, er ikkje tilfredsstillt.

Det er ikkje utarbeidd prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, med bakgrunn i den heilskaplege ROS-analysen.

Merknad:

Følgjande forbetningspunkt vart avdekt under tilsynet:

Merknad nr. 1

I planen for krisekommunikasjon bør det gå fram at informasjon under uønskte hendingar òg må nå fram til dei med anna morsmål enn norsk.

Kommunen har SMS-system for befolkningsvarsling og tenkjer å bruke det til krisekommunikasjon. Planar for korleis det kan brukast som varslingssystem under kriser og uønskte hendingar bør nedfellast skriftleg.

Dokumentasjon

Kommunen har oversendt følgjande skriftlege dokument som grunnlag for tilsynet:

- Beredskapsplan for kommunal kriseleiing del 1 (godkjent 14.03.2016)
- Beredskapsplan for kommunal kriseleiing del 2 og 3 (12.02.2016)
- Overordna ROS-analyse for Sveio kommune (godkjent 06.05.2013)
- Saksframlegg for godkjenning av overordna ROS (06.05.2013)
- Planstrategi 2016-2019 og planprogram for ny kommuneplan 2019-2031
- Samfunnsdelen til kommuneplan for 2011-2023
- Utsnitt frå KU til kommuneplanen for 2011-2023
- Vedlegg til ROS-analysen for kommuneplanen for 2011-2023
- Plan for atomberedskap (21.12.2009)
- Plan for helsemessig og sosial beredskap (utkast august 2014)
- Plan for psykososialt kriseteam
- Kommunal pandemiplan (2017)
- Smittevernplan (2017)
- Utdrag frå diverse dokument om samfunnstryggleik og beredskap (henta frå planstrategi og kommuneplan)
- Plan EPS med vedlegg
- 17 tiltakskort utarbeida for skule/barnehage
- Tiltakskort – skjema for mottak av truslar
- Opplæring_DSB-CIM_målsetting
- Opplæring- OSK_målsetting
- Skjema frå fylkesmannen – utfylt av kommunen
- Evaluering av beredskapsøving (12.12.2018)
- Evalueringsrapport KKL (14.09.2017)



- Evalueringsskjema etter trussel mot Sveio skule (10.01.2017)
- Intern evaluering frå beredskapsøving (18.09.2017)
- Mikroøvingar i DSB-CIM 2018
- Oversikt over Sveio kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap
- Oversyn beredskapsøvingar (regionale øvingar)
- Plan for øving i beredskap 2017
- Rapport vassleidningsbrot Auklandshamn)25.12.2017)
- Referat frå oppsamlingsmøte etter hending (10.01.2017)
- Sjekkliste for gjennomført opplæring i beredskap 2017
- Årsplan for beredskap 2018
- Statuskartlegging 2019 (skjema frå Fylkesmannen – utfylt)